



Møteprotokoll - parkstyret.

Møtestad: Flåmsbrygga Hotell, Flåm.

Tid: Tysdag 18. juni 2019, kl.10.10 - 14.40.

Medlemar som møtte:

Ordførar Olav Turvoll, Vik kommune.

Ordførar Hans Erik Ringkjøb, Voss kommune.

Varaordførar Leiv Jarle Bergheim, Aurland kommune.

Ingjerd D. Anda, Heritage Adventures (Frå kl. 12.00.)

Tone Rønning Vike, 292 Aurland.

Ordførar Jan Geir Solheim, Lærdal kommune.

Varamedlemar som møtte:

Svein Tufte, Bakka grendalag.

Meldt forfall:

Åshild J. Kjelsnes, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Aleksander Ø. Heen, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Anna Elise Borlaug, Underdal grendalag.

Liv H. Gilpin, Frøys Hus.

Andre:

Erling Oppheim.

Gro Nesse-Bremer, Verdsarvparken. (Sak 12/19)

Jostein Lange Bergset, Aurland Hamnevesen. (Sak 12/19)

Saker til handsaming:

Sak 11/19 - 15/19.

Underskrifter:

Leiv Jarle Bergheim
Svein Tufte
Tone Rønning Vike

Innleiing.

Styreleiar Olav Turvoll ynskje møtelyden velkomen som etter ein kort presentasjonsrunde opna styremøte med fylgjande sakliste:

Sakliste:

11/19 Innkalling, sakliste og møtereferat.

Ingen merknader.

12/19 Orienteringar og meldingar.

1. Nynorske Litteraturdagar 2019.

Prosjektleiar Gro Nesse-Bremer, Verdsarvparken, orienterte om status og framdrift - sjå eigen PPT.

Kommentarar frå møtelyden:

Godt og spanande program, mykje betre enn i fjor. Viktig med god og brei marknadsføring.

2. Nytt regelverk for verdsarvfjordane - lokale effektar og røynslar så langt.

Hamnesjef Jostein Lange Bergset, Aurland Hamnevesen KF, orienterte om stoda og status - sjå eigen PPT.

Kommentarar frå møtelyden:

Bør innføre strengare styring av trafikken på Nærøyfjorden, strengare krav til reduksjon av farten. Elles positiv til samarbeid mellom hamnene.

3. Møteprotokoll AU dagsett 5.april 2019.

Kopi av dokumentet sendt medlemane i samband med møteinnkallinga.

4. Norsk Verdsarvforum 2019.

Dagleg leiar orienterte om deltakinga på Norsk Verdsarvforum 2019 som vart gjennomført på Vega tid 7.-9. mai d.å. Utover interessante ekskursjonar i verdsarvområdet, spanande møter med repr. for verdsarven og presentasjon av eit spreitt nytt Verdsarvsenter hadde konferansen dette året hovudfokus på og drøftingar kring fyrårnsstrategiar for dei neste 10-åra.

5. Skriv til Luftfartstilsynet med krav om konsesjonshandsaming.

Kopi av dokumentet sendt medlemane i samband med møteinnkallinga.

6. Skriv frå Fylkesmannen i Vestland om verknader av turisme for landbruket.

Kopi av dokumentet sendt medlemane i samband med møteinnkallinga.

7. Innkalling og sakliste til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Kopi av dokumentet ettersendt medlemane i samband med møteinnkallinga

Parkstyret tok orienteringane til vitande.

SP ST
R

13/19

Forstudie UNESCO Verdsarvsenter for Nærøyfjordområdet.

Dokument som låg ved saka:

- Endeleg rapport frå PwC Stryn rapport dagsett mai 2019.

Det låg føre saksutgreiing frå dagleg leiar med fylgjande:

Tilråding til vedtak:

Nærøyfjorden Verdsarvpark ved styret sluttar seg til PwC Stryn sine tilrådingar og prioriteringar slik dei framkjem i forstudien og rapport dagsett mai 2019.

Verdsarvparken legg samstundes dette til grunn for vidare arbeid og felles innsats for etablering av eit UNESCO Verdsarvsenter for Nærøyfjordområdet.

Handsaming:

Møtelyden drøfta det som låg føre. Viktig å få realisert noko som syner at vi er stolte av verdsarven og statusen dette unike fjordlandskapet. Positiv til vidare samarbeid med Aurland kjøle- og fruktlager men det er no viktig å bli tydelegare på kva partane ventar av kvarandre i ei vidare felles satsing. Verdsarvsenteret og Verdsarvparken kan ikkje setje seg mål åleine om å løyse alle utfordringane på Aurlandsvangen.

Parkstyret vart etter eit tid med ordskifte samde om fylgjande:


Vedtak:

Nærøyfjorden Verdsarvpark ved styret sluttar seg til PwC Stryn sine tilrådingar og prioriteringar slik dei framkjem i forstudien og rapport dagsett mai 2019.

Verdsarvparken legg samstundes dette til grunn for vidare arbeid og felles innsats for etablering av eit UNESCO Verdsarvsenter for Nærøyfjordområdet.

Dagleg leiar utarbeider vidare eit framlegg til intensjonsavtale mellom Verdsarvparken og Aurland kjøle- og fruktlager som klargjer grunnlag, føresetnader og målsetjing for vidare samarbeid. Framlegg til samarbeidsavtale vert lagt fram for Parken sitt arbeidsutval til godkjenning før oversending til Aurland kjøle- og fruktlager.

Samrøystes.



14/19

Styret si årsmelding og rekneskap for 2018.

Dokument som låg ved saka:

- Framlegg til styret si årsmelding for 2018.
- Framlegg til årsrekneskap for 2018.

Det låg føre saksutgreiing frå dagleg leiar med fylgjande

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner, med atterhald om revisor si godkjenning, årsmelding og rekneskap for 2018 slik det ligg føre i møte den 18. juni d.å.

Handsaming:

Parkstyret drøfta saka ei tid og vart etter kvart samde om fylgjande:

Vedtak:

Styret godkjenner, med atterhald om revisor si godkjenning, årsmelding og rekneskap for 2018 slik det ligg føre i møte den 18. juni d.å.

Samrøystes.

15/19

Ymse.

Ingen saker.

gf S.T.